



**Statens vegvesen**  
Møre og Romsdal  
vegkontor

HOVUDARKIV: 46.671.01  
OPPDRAG: Nr LU 93.034  
LAB.ARKIV: RV 671 HP 01  
KOMMUNE:  
KARTREFERANSE:

TITTEL: INGENIØRGEOLOGISK RAPPORT SVINVIKTUNNELEN

SAKSBEHANDLAR: Overingeniør Kåre Ingolf Karlson

RAPPORT NR.

KONTAKT: Prosj.leder J. Engeseth, avd.ing. J.M. Frisvoll

2

DATO:	2000-06-09	SENDT TIL	Vsj.	PHI	JEN	FRI		Lab.
VÅR REF.:	2000/02011-1	EKSEMPLAR		1	1	1		2

LABORATORIESEKSJONEN:

*Kåre Ingolf Karlson*

## Topografi

Tunnelen skal byggjast gjennom ein bergrygg. Høgste fjelltoppen i området ligg på kote 673 medan tunnelen skal byggjast i området kote 40-50. Midlare helling på fjellsida frå sjøen og opp til toppen ligg i området 26<sup>g</sup>-31<sup>g</sup>. Nærast sjønivået er hellinga til dels betydeleg brattare. Nordre påhogg ligg i ein relativt bratt bergvegg medan søre påhogg ligg i meir moderat hellande terreng. Bergoverdekkinga vertikalt over tunneltraséen er ca. 120 m på det meste.

## Geologi

Berggrunnskart Stangvik (Krill, A.G, 1987 Stangvik berggrunnskart 1420-4, M=1:50.000, mellombels utgåve Norges Geologiske Undersøkelse) viser at berggrunnen består av banda eller sterkt migmatittiske gneisar. Kvartsitt og kvarts-muskovitt-gneis kan forekomme. Det er også kartlagt amfibolittgangar i området.

Berggrunnen er for det meste moderat oppsprukke utanom dei svake sonene.

Dei mest markerte sprekke- og soneretningane har strøk/fall:

030<sup>g</sup>-045<sup>g</sup> / 30<sup>g</sup>A-45<sup>g</sup>A etter foliasjonen  
080<sup>g</sup>-085<sup>g</sup> / 40<sup>g</sup>S-80<sup>g</sup>N  
125<sup>g</sup>-135<sup>g</sup> / 85<sup>g</sup>V-100<sup>g</sup>  
150<sup>g</sup>-165<sup>g</sup> / 95<sup>g</sup>V-100<sup>g</sup>



Meir sporadisk er det kartlagt sprekker med strøk/fall:

038<sup>g</sup> / 90<sup>g</sup>A  
053<sup>g</sup> / 67<sup>g</sup>N  
065<sup>g</sup> / 60<sup>g</sup>S



I skjeringar langs eksisterande veg er det kartlagt ein del soner med sterkt omvandla og mekanisk svakt berg ("råtagangar") med breidde frå nokre få centimeter og opp til ein meter. Større sonebreidde kan ikkje utelukkast. Overgangssona mellom mekanisk svakt berg og ordinær bergkvalitet er ofte tettare oppsprukke enn berget elles.

På grunn av lausmasseoverdekking, har det ikkje vore mogleg å følgje dei svake sonene så langt etter terrengoverflata at dei kryssar tunneltraséen, sjå kartet i vedlegg 1. Dette betyr ikkje at det ikkje kan finnast svake soner som tunneltraséen må krysse.

Vedlegg



TODALS FJORDEN

-  Tunneltrase
-  Kartlagde svake soner